



Arkivnr: 2015/943-35

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Selskapskontroll av Hardanger AKS AS - Timeforbruk

### Bakgrunn for saka:

#### **Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 6/15 i møte 16.2.15:**

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å gjennomføre selskapskontroll av Storeholmen VTA AS når det gjeld delen om eigarskapskontroll.*
2. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Storeholmen VTA AS når det gjeld den delen som omfattar forvaltningsrevisjon.*
3. *Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med prosjektplan som ligg føre.*
4. *Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.*
5. *Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 23.01.2015. I tillegg kjem kostnader til koordinering, tilpassing av rapport og presentasjon av rapport for kontrollutvalet samt opsjon på eventuell presentasjon i fylkestinget.*
6. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2015 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

**Føremålet med selskapskontrollen og aktuelle problemstillingar i samband med dette går fram av anna sak til dette møtet, der ferdig revisjonsrapport skal handsamast.**

Det viste seg etter kvart som Deloitte arbeidde med denne selskapskontrollen at prosjektet vart større og meir komplisert enn det både kontrollutval og revisor kunne forutsjå når bestillinga vart laga. Revisor har m.a. måtte bruke mykje tid på å få ut naudsynt dokumentasjon av selskapet.

#### **På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet i Kvam herad m.a. slikt vedtak i møte 7.12.15:**

*«Kontrollutvalet godkjenner ein auke av timetalet i prosjektet med inntil 50 timar»*

**I møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 9.11.15 vart det i samband med referatsak RS 75/15 m.a. protokollert dette:**

«Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte orienterte om status i høve selskapskontroll av Storeholmen VTA AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart m.a. opplyst at levering av revisjonsrapport er forseinka med omlag 2 veker og at det er gått med 10 – 20 timar meir enn budsjettert til arbeidet.»

**Vidare vart det i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune m.a. gjort slikt vedtak i sak PS 116/15 i møte 18.12.15:**

«Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide eit notat til neste møte der det vert gjort greie for auke i timetalet i denne selskapskontrollen.»

Drøfting:

Sekretariatet har motteke ein e-post frå Deloitte dagsett 5.2.16 der dei gjer greie for kvifor dei meiner det har vore naudsynt med auke i timetalet. E-posten ligg ved. Sekretariatet har stor forståing for dei argumenta Deloitte har framført, og tilrår at ein følgjer deira skisse om kostnadsdeling av timeressurs. Som det går fram av e-posten gjeld 15 av timane ekstra arbeid med å få tak i dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune. Sekretariatet legg til grunn at desse timane vert ein del av det arbeidet som er gjort i høve eigarskapskontrollen som i opphavleg prosjektplan vart godkjend til 50 timar. Det vert tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 125 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 252 timar. Dette inkluderer eigarskapskontroll 65 timar, koordinering 10 timar og forvaltningsrevisjon 177 timar.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet godkjenner ein auke på 125 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 252 timar.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 125 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 252 timar for dette prosjektet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg: Vedrørande auka timeramme for selskapskontroll